


Bondhus Grunneigarlag  
5476 Mauranger

Bondhus 20.03 2013

Fiskeri- og Kystdepartementet  
PB 8118, Dep  
0032 Oslo



### Høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden.

Maurangerfjorden er ei sentral sidearm til Hardangerfjorden, på grensa mellom Kvinnherad og Jondal. Bondhusdalen slyngjer seg frå Hardangerfjorden og inn i Folgefonna Nasjonalpark, med Bondhusbreen som det mest kjende landemerke. Bondhusvatnet er nært knytt til Bondhusbreen og Folgefonna. Frå vatnet renn Bondhuselva ut dalen og ned i fjorden.

I Mauranger har me hatt fleire kraftutbyggingar og har fleire kraftstasjonar, me har fiskeoppdrett i sjø, settefisk på land, sterk satsing på reiseliv, aktivt skog- og jordbruk, og dei siste åra fått to nye tunellar som har utøyst heilt nye kontaktpunkt mot Odda og Jondal. Det beste er at ungdommen vel å flytta heim att for å ta over gardar eller berre busetja seg.

Bondhuselva er ein sjøaure elv, med noko innslag av laks. Fangstana av aure og laks har gått opp og ned gjennom fleire år, og årsaka til variasjonane meiner me er samansett.

Samspelet mellom oss som grunneigarar, naturen, kraftselskap, oppdrett, landbruk og reiseliv har vore, og er grunnlaget for at me bur her og kan ha eit godt liv. Me har ikkje tru på at dei tiltaka som er føreslege i Dykkar forslag til eit nytt forvaltningsregime for oppdrettarane i fjorden, vil gje oss ein einaste fisk meir attende til vår elv. Me har meir tru på å leggja til rette for eit aktivt samspel mellom dei mange aktørane enn å leggja kjelkar i vegen for ein eller fleire.

For nokre år sidan blei mesteparten av arealet i dalen freda gjennom oppretting av Folgefonna Nasjonalpark. På den eine sida positivt. På den andre negativt. I opprettinga gløynde forvaltninga og politikarane effektane av eit fleksibelt samspel mellom menneskje, natur, næringsutvikling og busetnad. Forskrifta som no er på høyring har fleire av dei same manglane. Det er trist for oss som er heilt avhengig av eit bredt, aktivt og godt samspel for å utvikle bygda og elva som renn gjennom dalen.

Bondhus Grunneigarlag kan ikkje stø innhaldet i den framlagte forskrifta.

Venleg helsing

Audun Næs  
leiar

A handwritten signature in black ink that reads "Audun Næs".